
Fra: Jan Stundal [mailto:Jan.Stundal@nord-aurdal.kommune.no]

Sendt: 8. juni 2012 12:58

Til: Postmottak KUD

Kopi: Ivar Aars; Ole Aastad Bråten; ra-sor@hotmail.com; olavgullik@gmail.com; Aud Søyland

Emne: Høyring - framlegg til endring i lov om stadnamn

Det kongelige kulturdepartement
postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Attn:

Deres ref.:

Vår ref.:
stujan - 12/5935

Vår dato:
08.06.2012

Høyring - framlegg til endring i lov om stadnamn

Skiljet mellom gardsnamn og bruksnamn er i mange tilfelle vanskeleg å fastsetja, og framlegget om at gardsnamnet som hovudregel skal vera rettleiande for skrivemåten på andre stadnamn der gardsnamnet inngår, er viktig.

At grunneigar skal ha rett til å fastsetja bruksnamn, kan òg gje uynskte konsekvensar og skapa forvirring med ulike skrivemåtar av same namn. Framlegget om at ei ynskt skrivemåte då må ha vori i offentleg bruk, er difor viktig.

I avisdebatt har det stadig vori understreka reaksjon på endring av skrivemåten av namn. Det må då gjerast klårt **kva det gjeld endring frå:** matrikkel, kartverk M711, eller (som klagarane ofte synest å meine) berre frå ei nytta skrivemåte utanfor offentleg bruk.

Det er sentralt og avgjerande kulturelt og historisk at stadnamn framleis skal skrivast etter «**nedervd, lokal uttale**», og ikkje ut frå seinare forvanskingar som til dømes i Valdres Gudheim (God-vin) og Strandefjorden (Strøndafjorden til Strønd).

Skiljet stadnamn – slektsnamn må koma klårt fram, sidan debattar ofte syner at folk oppfattar det som deira slektsnamn er truga. At slektsnamn er privat eigedom og nedervde stadnamn er offentleg eigedom, må understrekast.

Staten sjølv må fylgje reglane betre. Namn som Lomen (Lomé, genitiv Lomis-) blir av Staten nytta mot lovi (Lomen, Lomenutbygging). Strand er norrønt Strond (valdresmål Strønd),

Bråten er norrønt Brotin (valdresmål Brøtin). Når til dømes Leirin og Bygdin blir skrivi rett, må kartverket unngå Rundemellen og Skarvemellen (-mellin, fleirtal Melladn). Offentleg brot her er med å øydeleggje både historie og målføre.

Målførebruk i stadnamn får oftast oppslutning også der bokmålsfolk og nynorskfolk møtest for å avgjera skrivemåten av namn, noko Nord-Aurdal stadnamnemnd har erfart i 40 år.

Sjølvmotseiing i tidlegare lov om namn bør fjernast ved å justere teksti. Hovudprinsippet om «nedervd lokal utale» blir motsagt av regelen om å fylgje gjeldande rettskriving. Det siste blir serleg vanskeleg av di sisteleddet i samansette namn ofte er klare, og då blir normaliserte, medan fyrsteleddet er meir uklårt og får stå i målføreform. Regelen må vera å verne både målføre og historisk opphav, og at målføreformer må få stå uretta – og serleg og sjølv sagt der målføret har former som samsvarar med opphavet, som til dømes Brøtin (norrønt Brotin, skriftspråk Bråten).

Meining med normalisering eller rettskriving må vera å verne stadnamn, ikkje å endre eller øydeleggje dei, slik det diverre ofte har vori gjort.

Gode døme er valdresnamn med ø-lyd frå norrøn «o med kvist», ein lyd som alt i norrøn tid hadde ø-klang (ifylgje målføreforskaren Hallfrid Christiansen). Med vegskilt, kartnamn og institusjonsnamn som Rogne og Fodnes (Røgne, Fødnes) har no utviklingi komi så langt at jamvel eldre innfødte valdrisar ofte seier Rågne og Fådnes. Ei slik utvikling kan umogleg vera ynskjeleg.

Stadnamn som kulturminne må jamstellast med anna kulturvern. Gravhaugar, førreformatoriske gjenstandar og freda bygningar er verna ved lov. Ei stadnamnlov må sikre tilsvarende lovvern, Det må vera like utenkjeleg og ulovleg for privatpersonar å endre eller fjerne nedervde stadnamn som materielle kulturminne.

Jan Stundal
Verksemdleiar kultur og service

Ivar Aars
Leiar Nord-Aurdal stadnamnemnd